



Dei to Miljeteig-tomtene ligg i området mellom tunet på Friheim og Fjellandsbøvatnet. Dette biletet er teke frå Storhaug mot Friheim og Fjellandsbø. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ei ny frådelingssak i Uskedalen er no på gang. No er det familien Miljeteig på Friheim som ønskjer frådeling. Saka er enno ikkje handsama i kommunen.

Kurt Eivind og Bjørg Inga Friheim Miljeteig søkjer om frådeling av tomt til bustadhus for dottera Bente og tomt til fritidshus for sonen Kurt Inge.

Ønskjeleg areal er i begge tilfelle 700 kvadratmeter og begge tomtene ligg i området mellom det noverande tunet på Friheim og Fjellandsbøvatnet.

Det har versert to liknande sakar i Uskedalen i den seirare tid. Møyfrid og Anders Kristoffersen fekk etter ei lang omstendeleg saksbehandling lov til å byggja kårustad på Storhaug som ligg like nedanfor Friheim. Her sa Fylkesmannen ja til slutt.

Men han har nyleg sagt nei til ein førespurnad frå Tormod Myklebust om frådeling av ei tomt for sonen Runar ved tunet.

No ventar familien Miljeteig i spenning på korleis deira søknad vil bli motteke.

Av Ola Matti Mathisen